



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

**Miljøvern avdelinga**

# **Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat**

Ålesund kommune



**Rapport 2010:11**

*Framsida: Lerstadvatnet sett frå Lerstad skule.*

*Med mindre anna er oppgitt er alle bilete tatt av Miljøvernavinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.*

## Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset

6404 MOLDE

www.fylkesmannen.no

**Rapport nr:**

2010:11

**Dato:**

18. august 2010

**Tittel:**

FORVALTINGSPLAN FOR LERSTADVATNET NATURRESERVAT

**Forfatter:**

Ragna Sortland, miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Godkjenningsvedtak**

Godkjenningsvedtak fatta av Ålesund kommune i Komitè for byutvikling og miljø den 31. mai 2010 i sak 25/10. Forvaltingsplanen for Lerstadvatnet naturreservat er med dette vedteken med heimel i kap VII og IX i verneforskrifta og Ålesund kommune som forvaltningsstyresmakt.

**Referat:**

Lerstadvatnet naturreservat blei verna i 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Føremålet med vernet var å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv. Ålesund kommune fikk forvaltningsmynde over reservatet gjennom vedtak i Direktoratet for naturforvaltning av 16.12.2002.

Det verna området består i hovudsak av Lerstadvatnet, omkransa av grasmyr i vest, furuskog og lauvkrattskog i sør og lauvskog i nord. Inntil reservatet og delvis overlappande ligg det òg eit friluftsområde. Lerstadvatnet er eit flott turområde med ein turstig rundt vatnet. Stigen er mykje nytta til alle årstider.

Dei siste 10-åra har sjølve vatnet og området rundt blitt meir prega av attgroing. Dette saman med spreing av framande planteartar blir ei utfordring framover. Noko av skogen som er kome opp kan med fordel fjernast slik planen skisserer. Ei rekkje fugleartar som før var vanlege er no meir sjeldsynte i reservatet, vi håper forholda over tid vil liggje til rette for at fuglelivet tek seg opp att.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.

**Emneord:**

Naturvern, friluftsliv, forvaltingsmål, bevaringsmål, skjøtsel, fugl, våtmark, biologisk mangfald.

ISBN (Pdf utgåve): 978-82-7430-194-8

ISBN (Papar utgåve): 978-82-7430-193-1

ISSN 1891-876X



Ulf Lucasen  
Seksjonssjef



Per Fredrik Brun  
Direktør miljøvernavdelinga

## Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat

## FORORD

Lerstadvatnet naturreservat i Ålesund kommune blei oppretta ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Sjølv om Ålesund kommune er forvaltningsstyresmakt har fylkesmannen teke på seg å utarbeide denne planen for midlar som Direktoratet for naturforvaltning har stilt til rådvelde. Forvaltingsplan for området er utarbeidd som eit ledd i arbeidet med å lage forvaltingsplanar for dei mindre verneområda i fylket. Målet med forvaltingsplanen er å utdjupe verneforskrifta og klargjere brukarinteresser og behov for skjøtsel.

Det er ei satsing frå fylkesmannen si side å sikre verneverdiane i Lerstadvatnet naturreservat. Denne planen bør sjåast som eit forsøk på å ta i vare dei biologiske verdiane vi finn her og som vi ynskjer å gjere meir synlege for allmenta i Ålesund. Som følgje av endringar i naturtilstanden i Lerstadvatnet naturreservat dei seinaste åra har fylkesmannen sett behovet for tiltak for å sikre verneverdiane i området. Samstundes er det eit håp om at befolkninga gjennom å bruke området til friluftsmål sjølv er med å ta vare på verdiane i området for komande generasjonar.

Dette er den første forvaltingsplanen som er laga for Lerstadvatnet naturreservat, og vi opnar for revidering av planen etter å ha prøvd han i praksis i nokre år.

Den vedtekne planen er hovudsakleg i samsvar med høyringsforslaget til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vi håper at planen er både oppklarande og informativ for alle interesserte. Takk til alle som har kome med innspel til planen.

Planen er utarbeidd av Ragna Sortland i den tida ho var tilsett hos oss.

Molde, 18. august 2010

Per Fredrik Brun  
Direktør miljøvernavinga

## Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat

## Innhold

FORORD .....	5
1 INNLEIING .....	9
2 SKILDING OG STATUS .....	10
2.1 Områdeskildring .....	10
2.2 Brukshistorie.....	11
2.3 Egedomsforhold .....	11
2.4 Naturfaglege verdiar .....	12
2.5 Bevaringsmål.....	17
3 BRUKARINTERESSER .....	20
3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser.....	20
3.2 Friluftsliv, jakt og fiske .....	20
3.3 Nabokonflikt og attgroingsproblematikk.....	22
3.4 Undervisning og forskning .....	23
3.5 Bygningar og tekniske inngrep.....	24
4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK.....	24
4.1 Skjøtsel og forvaltningstiltak.....	24
4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar .....	26
4.3 Informasjon og tilrettelegging .....	27
4.4 Oppsyn.....	27
5 SAKSHANDSAMING .....	28
5.1 Forvaltingsstyresmakt.....	28
5.2 Lovverk, føringar og forvaltning .....	29
6 FORVALTINGSPLANENS TIDSPERSPEKTIV .....	31
7 REFERANSAR.....	32
VEDLEGG: .....	33
Vedlegg 1:	
Forskrift om vern av Lerstadvatnet naturreservat, Ålesund kommune, Møre og Romsdal. ....	33
Vedlegg 2:	
Kart over området med teiknforklaring .....	36
Vedlegg 3:	
Registrerte fuglar i Lerstadvatnet naturreservat .....	37
Vedlegg 4 a:	
Samleskjema for ulike tiltak i Lerstadvatnet naturreservat .....	39
Vedlegg 4 b:	
Forvaltingsoppgåver og tiltak, kart .....	40
Vedlegg 5 a:	
Tynning av kratt og tre, kart.....	41
Vedlegg 5 b:	
Tynning av kratt og tre, flyfoto .....	42
Vedlegg nr. 6:	
Saksbehandling forvaltningsplan for Lerstadvatnet naturreservat .....	43

## Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat



## 1 INNLEIING

Lerstadvatnet naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988 som ein del av verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal. Føremålet med fredinga er; ”å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv”. Ålesund kommune er forvaltingsstyresmakt for naturreservatet. Dette er den første forvaltingsplanen som er utarbeidd for reservatet, og den er utarbeida av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med Ålesund kommune.

Lerstadvatnet naturreservat ligg på Lerstad midt i Ålesund kommune. Verneområdet omfattar Lerstadvatnet med tilgrensande myr- og skogområde. Vatnet er hekke- og rastelokalitet for ei rekkje fuglar, særlig interessant er det som hekkelokalitet for den sjeldsynte dvergdykkaren. Vatnet er i seg sjølv botanisk interessant grunna stor næringsriksdom, men det er truga av framande artar og gjengroing. Reservatet overlappar med det statleg sikra friluftsområdet Hatlaåsen-Lerstadvatnet-Åsemulen, og langs grensa av reservatet går det òg ein mykje nytta tursti. Området er omringa av vegar, hus, industri og skule, og noko furu- og lauvskog. Nærleiken til bustadområda gjer at området er svært utsett for press i form av hyppig aktivitet, både av føtgjengarar og bilar, tett innpå reservatgrensa.



Oversiktskart over området rundt Lerstadvatnet. Reservatet er skravert (Norge Digitalt)



Lerstadvatnet naturreservat. Eiegdomsgrenser teikna inn med raudt (Norge Digitalt)

Forvaltingsplanen for Lerstadvatnet naturreservat skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Han skal sikre ei einsarta forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen skal gje ei samla skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser innafør området og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningslinjer for forvaltninga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsstyresmakt. I naturreservatet er både planter og vilt freda, og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet. Det finst ikkje reguleringsplan for området.

Forvaltingsplanen for Lerstadvatnet naturreservat er delt i to hovuddelar; den første delen (kap 1-3) gir ei skildring av naturforholda, brukarinteresser og forvaltingsmål, den andre delen (kap 4-6)

omhandlar forvaltingsmessige oppgåver og tiltak. Her blir det gitt ei skildring av føreslåtte tiltak og kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka.

### Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om, kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle artar har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særlig ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har òg ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Lerstadvatnet naturreservat er eit lite område i areal, men representerer viktige levestassar for mellom anna den nasjonalt sjeldsynte dvergdykkaren og er òg ein viktig kvilestad for fleire andre sårbare og trua fugleartar. Området har stor opplevingsverdi for publikum.

For å sikre område som er særlege viktige må dei vernast mot faktorar som kan øydelegge dei. Mangfaldet av artar og naturtypar blir i stor grad påverka negativt av menneskeleg aktivitet som utbygging, omdisponering av areal, forureining m.m. Å ta vare på naturverdiar gjennom plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange slike påverkingsfaktorar. Å verne område som Lerstadvatnet etter naturmangfaldlova gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet. Lerstadvatnet naturreservat er eit av fire område i Møre og Romsdal som er verna i kategorien *næringsrikt vatn* innanfor verneplan for våtmark.

## 2 SKILDRING OG STATUS

### Verneforma naturreservat etter naturmangfaldlova

Område kan vernast som reservat om dei har trua, sjeldsynt eller sårbar natur, representerer ein spesiell type natur eller på anna måte er spesielt viktig for biologisk mangfald, geologiske førekomstar eller naturvitskaplig verdi. Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova når det gjeld inngrep og aktivitet, og er spesielt omtalt i § 37.

### 2.1 Områdeskildring

Lerstadvatnet naturreservat dekkjer eit areal på 135 daa, der ca 40 %, omtrent 55 daa, er vassflate. Høgste punkt er om lag 60 moh. Kjerneområdet i reservatet er Lerstadvatnet, som er lite, grunt og næringsrikt med store storr- og snellebelte. Det er omkransa av grasmyr i vest, furuskog og lauvkrattskog i sør og lauvskog i nord, og bustad- og skoleområde i aust. Det kan derfor vere av stor verdi for undervisning til tross for ferdselsforbod når vatnet er isfritt. Området er omringa av industri og E136 i vest, fv 398 i nord, Lerstad skule i vest og eit bustadfelt i sør. Vatnet er svært oversiktleg og lett tilgjengeleg, og det er lagt ein tursti rundt vatnet omtrent langs vernegrensa. Forsøpling og spreiding av framande artar må sjåast i lys av dette. Av vernereglane for reservatet

kjem det mellom anna fram at så lenge det er ope vatn, er all ferdsel utanom oppmerka stiar og utkikkspunkt forbode.

Området ligg i den sterkt oseaniske vegetasjonsseksjonen, humid underseksjon, i den boreonemorale vegetasjonssona. Gjennomsnittlig nedbørsmengd per år er ca 1500 mm, og det er ca 230 nedbørsdøgn. Berggrunnen er glimmerskifer og glimmergneis.

### 2.2 Brukshistorie

På Lerstadvatnet skal det i vikingtida ha stått eit slag mellom vikingar som slepte båtane sine over frå Borgundfjorden til Åsefjorden og lokale bønder. Vikingane tapte slaget, og mellom anna skal høvdingen som falt i slaget vere gravlagd i området. I nyare tid, frå rundt 1900 og utover, blei det arrangert travkonkurransar på det islagde Lerstadvatnet kvar vinter. For å gi gode forhold til konkurransen blei vatnet demt opp slik at isflata blei omtrent 700 m, meir enn heile reservatets lengde i dag. Travkuskane var vognkarar. Då lastebilane fekk meir innpass i samfunnet blei vognkarane borte, og derfor òg travkonkurransen på Lerstadvatnet. Bekken frå Lerstadvatnet, Lerstadelva, munnar ut i Ellingsøyfjorden, og langs denne har det stått opptil 4 møller. Omkring 1960 var det svært lite kratt og tre rundt vatnet, men no står det skog på fleire sider. Det finst ikkje kjende automatisk freda kulturminne i reservatet.

### 2.3 Eigedomsforhold

Lerstadvatnet naturreservat gjeld i følgje verneforskrifta følgjande Gnr/Bnr: 37/31, 58; 38/3, 47, 69, 132, 138; 50/94, 95. Oppdatert informasjon frå Digitalt Eiendomskart viser at reservatgrensene **i terrenget** pr 15.01.2010 dekkjer heilt eller delvis følgjande Gnr/Bnr: 37/163, 241, 403; 38/3, 138, 156; 50/ 243, 883. Det er altså nokre mindre avvik mellom grensemerka i terrenget og den juridisk grensa, dette må korrigerast slik at dei to grensene samsvarer. Sjå òg kap 5.2, og vedlegg 2 for kart over reservatet.



*Eigedomskart over Lerstadvatnet naturreservat slik ho er merka i terrenget . Raud skravur viser reservatet, grå skravur viser eigedommar som er delvis innafør reservatgrensa (Norge Digitalt).*

Lerstadvatnet naturreservat er i det heile eigd av Ålesund kommune og òg sikra som ein del av Hatlaåsen – Lerstadvatnet – Åsemulen friluftsområde. Meir om dette i kap 3.4.

## 2.4 Naturfaglege verdiar

Den naturfaglige informasjonen her er stort sett henta frå forarbeida til vernet, Ålesund kommunes naturtypekartlegging ved Dag Holtan frå 2001 og 2008 og Holtans artikkel om dvergdykkar i Vår fuglefauna 2001. Munnleg informasjon frå fagfolk og andre med lokalkunnskap er òg tatt med. Sjå òg referanselista. Lerstadvatnet med tilgrensande område blei omtala i Møre og Romsdal fylke sitt verneforslag frå 1982 om våtmarksområde i fylket. Hensikta med rapporten var å kartleggje behov for vern av våtmarksområde og fremme forslag om vern av dei viktigaste av omsyn til både plante-, fugle- og dyreliv. Vern er særleg naudsynt for å sikre viktige hekkeplassar, trekk- og overvintringsplassar og andre viktige område for våtmarksfugl. Reservatet er kategorisert som *E0802 Rik kulturlandskapssjø – kalkfattig utforming – O5 Takrør-sivaks-sumputforming*.

### E08 Rik kulturlandskapssjø

Rike kulturlandskapssjøar karakteriserast av naturlig høg næringsrikdom. Dei kalkfattige utformingane dominerast ofte av kortskotvegetasjon eller rikstorr- og takrør/sivakssump. Slike næringsrike innsjøar er blant dei mest artsrike ferskvassførekomstane vi har og dei er viktige for ei rekkje næringskrevjande planter og dyr. Naturtypen er regionalt sjeldsynt, men har variantar spreidd over heile landet.

*Kjelde: Direktoratet for naturforvaltning*



Lerstadvatnet naturreservat fekk ved oppdateringa av naturtypekartlegginga i 2008 verdi B (viktig) på grunn av at dette er ein relativt intakt kulturlandskapssjø i låglandet. Tidlegare verdi A (svært viktig) var for høg, sett i lys av at dette er ei kalkfattig utforming av naturtypen. Som viltlokalitet er verdien høgare enn som naturtypelokalitet.

## Fugle- og dyreliv

Lerstadvatnet er spesielt interessant som hekkeplass for den nasjonalt sjeldsynte dvergdykkaren, her hekkar det årleg 2-5 par. Ålesund og Sula er dei viktigaste kommunane for hekkande dvergdykkar i Noreg. I tillegg er det observert regelmessig hekking i Rogaland og i Oslo-området. Den totale norske bestanden er anslagsvis på 23-37 par, der 14 hekkar i Møre og Romsdal. Lerstadvatnet og Ratvikvatnet er altså svært viktige hekkelokalitetar for den vesle dykkaren. Lerstadvatnet er å sjå som den viktigaste i Noreg med stabil bestand over lang tid og med fleire vellykka hekkingar kvart år. Dvergdykkaren unngår helst store sjøar og vatn med gjedde, og vel heller stilleflytande elver eller småsjøar, og forsøk på etablering i vatn med naturlege bestandar av anadrom laksefisk har vore mislykka. Dei kan ha opp til tre kull på ein sesong, og kan ha små ungar som fortsett må fôrast av foreldra så seint som i oktober.



*Dvergdykker med ungar på Lerstadvatnet (Foto: Roger Engvik)*

Det er òg registrert eit breitt utval arter som er typiske for denne naturtypen, mellom anna gode hekkebestandar av fleire grasender, samt innslag av meir kravfulle artar som sothøne og toppand. Lerstadvatnet naturreservat er òg ein serdeles viktig lokalitet som raste- og overnattingsplass i trekketidene. Raudlista hekkefuglar er hettemåke og vipe, av og til òg sivhøne. Stjertand, skeiand, knekkand, snadderand, bergand, brunnakke, sangsvane, myrrikse, vannrikse og makrellterne blir primært observert i trekketidene eller dei har tilfeldig opphald om sommaren. Om hausten nyttar store mengder låvesvale takrør- og dunkjevlebelta i både Lerstadvatnet og Ratvikvatnet naturreservat som overnattingsplass.

Det kan virke som både mengde og mangfald av fugl har gått ned dei siste tiåra. Nokre artar som tidlegare var vanlige er no fråverande i hekketida. Nedgang i bestandane av fugl knytt til våtmarksområde er ikkje eit isolert fenomen for Lerstadvatnet. 14 av artane er registrert på raudlista, men nokre av dei er berre sporadiske gjester. Sjå òg vedlegg 3 for detaljert artsliste.

Det finst trepigga stingsild i Lerstadvatnet, den er eit viktig næringsgrunnlag for dvergdykkaren. Det er òg oppgang av ål i vatnet. Hjort og rådyr er andre vanlege artar innafor reservatet.

Vatnet har vore fritt for anadrom fisk etter at Lerstadelva blei regulert og stengt for oppgang av aure. Dette har gitt svært gode næringsforhold for fleire fuglar i tillegg til dvergdykkaren, som dykkender (til dømes toppand, bergand og svartand), grasender (til dømes stokkand, brunnakke og krikkand), vasshøner (til dømes sothøne og sivhøne), vadefuglar (til dømes rødstilk) og vannrikse. Spesielt om våren når mygglarvene klekker er desse andefuglane aktive i slike fisketomme vatn, og får mykje næring til nyklekte ungar som er nausynt for at dei skal vekse til. I tillegg er tilgang

på botndyr gjennom heile sesongen viktig. Anadrom fisk deler menyen til fuglane, og nærvær av fisk vil altså redusere sjansane for vellykka hekking i slike område. Grasender er noko mindre utsette for slik konkurranse enn andre fuglar fordi dei har ein brei meny der vegetasjon er vanlig kost, men under hekking og ruging er òg dei avhengige av animalsk føde. I Møre og Romsdal er det anadrom laksefisk i dei fleste vatna, derfor er fisketomme vatn populære og viktige blant kravstore ender og naudsynt for å halde oppe sunne bestander av desse. Lerstadvatnet er eit slikt sjeldsynt fisketomt vatn og her er det mogeleg å få sjå fuglar som elles kan vere vanskjelege å finne.

### Vegetasjon

Vegetasjonen er typisk for våtmark, men med nokre eksotiske innslag, som brei dunkjevle. Myra i vest dominerast nesten totalt av høgstorrartar, og da særlig trådstorr, saman med litt flaskestorr, elvesnelle, bukkeblad og ein del pors. I nord og nordaust er det mykje elvesnelle, myrhatt og skogrørkvein i vekslande dominans. Det er òg registrert ein liten flekk med breiull, myrklegg, dvergjamne og tvebustorr (indikerar baserik grunn). Om sommaren dominerast sjølve vassflata av kvit nøkkerose, mens det langs kantane står fleire felt av brei dunkjevle, innført i området omkring 1970, som er i spreing i området. Langskotvegetasjonen er dårleg



*Eit felt med brei dunkjevle i austenden av vatnet*

undersøkt. Av relevante karplanter er det òg registrert andemat, blærerot, duskull, grøftesoleie, hesterumpe, kornstorr, kvitlyng, loppestorr, musestorr, myggblom (sjeldan på kysten), myrfiol, myrmjølke, myrsauløk, myrtistel, rips, rome, rundsoldogg, skogstjerne, smalsoldogg, stjernestorr, sverdlilje, tepperot, tettegras, tjønnaks, torvull og tusenblad. Mot sør grensar vatnet mot berg, røsslyng og litt lauvskog.

### Truslar

Det har vore ein markert tilbakegang i fleire av våtmarksartane av fugl som var vanlege i området tidlegare, og fleire artar er no sjeldsynte. Nokre artar har relativt stabil bestand og ein del artar har auka sin førekomst. Grunnane for endringar i fuglebestandane er truleg samansette og både lokale og regionale. Det finst ikkje systematisk datamateriale på endringar i fuglebestanden i verneområdet, derfor kan ein berre anslå endringar som generell trend. Det er eit mål at mengde og mangfald av hekkande fugl i området skal auke med meir regelmessig og målretta skjøtsel. Særlig gjeld dette artar som er i tilbakegang regionalt og nasjonalt.

Det er ei dramatisk spreing av framande planter i reservatet, omfanget framande artar på aust- og sørsida blei kartlagt i 2008. Her blei det funne bl.a. rynkerose, bergblom (*Bergenia*) fagerfredløs,

## Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat

hagelupin, platanlønn, rynkerose, skvallerkål, diverse sildre (*saxifraga*) og spirea (*spiraea*). Mye av dette skuldast hageutkast langs busetnaden i søraust. Særlig problematiske vil fagerfredløs, hagelupiner, rynkerose, spirea og skvallerkål bli, fordi dei har evne til å danne store, einsarta bestandar og utkonkurrere stadeigen vegetasjon. Fleire av artane frå hageavfallet har etablert seg og viser tydelege teikn på spreiring. Her står det òg ein kristtornbusk, men det er uvisst om denne er planta eller naturleg. Langs stien på vestsida av vatnet har parkslirekne etablert seg, og på fleire stader rundt vatnet står det små platanlønnplanter og rynkerosebusker (sjå infoboks på neste side).

Lerstadvatnet er svært næringsrikt, og den høge graden av eutrofiering gjer grunnlag for det rike plante- og fuglelivet. Eutrofiering er auka tilførsel av plantenæringsstoff til eit vatn og verknaden av dette. Eutrofiering kan vere både naturleg og menneskeskapt, og resulterer i høg algevekst. Det er denne algeveksten som gir det gode grunnlaget for fugle- og dyreliv, og han kan vere positivt for artsmangfaldet i eit område om det ikkje er for mykje slik at ein får algeoppblomstring. Eit problem med slike næringsrike vatn er at dei ofte gror igjen grunna dei store mengdene avfallsstoff frå daude algar og vegetasjon. Dette er nok tilfelle i Lerstadvatnet òg, og ein må vurdere om tiltak bør settast inn for å bremse eller reversere denne utviklinga. Sjå òg kap 4.2 om overvaking.



*Austenden av Lerstadvatnet rundt 1960 (bilete utlånt av Andrea Guttusen Giske)*

I austenden av vatnet kjem det inn forureina vatn frå bekken som går under industriområdet og E136. Meir om dette i kap 4.1.

I sørvest står det eit mindre granskogfelt som kan spreie seg og fortrenge stadeigen lauvskogvegetasjon. Gran er ein framand art på vestlandet og er ikkje eit ønska innslag i reservatet. Det står òg nokre berg- og buskfuru som bør fjernast. Sjå kap 4.1.

### Rynkerose

Rynkerosa har vore planta som prydbusk i Noreg alt frå 1800-tallet fram til no, og finst i dag òg i forvilla tilstand over store delar av landet. Ho har svært stor spreingsevne og formeirar seg både vegetativt, med rotskot, og med frø frå nypene. Fordi ein rotbit på nokre cm er nok til at rynkerosa spirer på nytt, er ho svært vanskeleg å fjerne mekanisk. I den norske Svartelista er rynkerosa i kategori Høg Risiko. Les meir på [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).



### Parkslirekne

Parkslirekne blei innført som pryddplante frå Asia alt på 1800-talet. Ho har store brede blad og blir 2-3 m høg på berre ein sesong. Dei spreier seg berre vegetativt i Noreg. Men berre ein rotbit er nok til å få ei ny plante, derfor er ho lettspreielig og veldig vanskeleg å bli kvitt utan bruk av kjemiske middel. Parkslirekne er kategorisert som Høg Risiko i Svarteliste. Les meir på [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).



### Hageavfall i Ålesund

Hageavfall blir av og til dumpa i naturen i den tru at det blir til jord og derfor ikkje forureinar. Dette er ikkje rett, ofte inneheld slikt avfall planter og frø som er livskraftige i norsk natur, og kan ha stor evne til spreing. Det er derfor viktig at hageeigarar leverer slikt avfall til deponi eller komposterar på eigna måte. I Ålesund kommune kan alt hageavfall leverast gratis på miljøstasjon eller på Bingsa avfallsdeponi. Sjå meir på [www.alesund.kommune.no](http://www.alesund.kommune.no)





## 2.5 Bevaringsmål

*”Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv”.* Verneforskrifta kap. III

Verneforskrifta skal konkretiserast først og fremst gjennom forvaltingsmål og bevaringsmål for reservatet. Verneføremålet viser i hovudsak til kva naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet. I denne planen er naturkvalitetane i Lerstadvatnet naturreservat samla i tre kategoriar; fugleliv, vegetasjon og areal. For kvar naturkvalitet er det definert bevaringsmål, sjå tabell 1. Det er viktig med kunnskap om området for å kunne forvalte det på ein langsiktig og god måte. Ein av metodane er derfor å skaffe meir kunnskap. Det er avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk forvaltning, og det må derfor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltingsplanen bør reviderast kvart tiande år, sjå kap 6.

### Naturtype

Me naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon inneheld eit stort mangfald av naturtypar.

### Tilstandsvariabel

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

### Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte arter.

### Tilstandsklasse

Tilstandsklasse er ein inndeling i god, middels og dårleg. Dette fortel oss i kva tilstand naturtypen er i.

### Forvaltingsmål


Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til naturverdiar/kvalitetar i eit verneområde. Slike mål kan òg bli knytt opp mot rekreasjon, jakt, landbruk og andre brukarinteresser.

Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat

Tabell 1: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Lerstadvatnet naturreservat – Verneområdenr VV 00001386. Bevaringsmåla er viste i kartet.

Bev. mål	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Tilstand	Aktuelle tiltak	Metode/overvaking
1	Rik kulturlandskapssjø	Stabil førekomst av hekkande dvergdykkar	Området skal ha årleg vellykka hekking av minst 3 par dvergdykkar. Endringar som følgje av menneskelig aktivitet skal ikkje førekomme	God. 3-5 par av dvergdykkar har hekka i området sidan 80-talet. Myrrikse, og nokre år òg vassrikse, hekkar her	Skjerme vatnet med naturleg vegetasjon på dei mest utsette stadene. Flytte turvegen der han går heilt inntil vatnet	Hekkande fugl skal overvakast i samsvar med standardiserte metodar
2	Rik kulturlandskapssjø	Stabile førekomstar av hekkande ender og riksefugl, hettemåke, vipe og sivhøne	Området skal ha årleg vellykka hekking av fleire rikseartar, ender og andre artar typiske for naturtypen. Endringar som følgje av menneskelig aktivitet skal ikkje førekomme	God. Myrrikse, og nokre år òg vassrikse, hekkar her i tillegg til fleire ande-	Skjerme vatnet med naturleg vegetasjon på dei mest utsette stadene	Hekkande fugl skal overvakast i samsvar med standardiserte metodar
3	Rik kulturlandskapssjø	Stabil førekomst av trekkande fugl; småfugl, spesielt svaler	Endringar som følgje av menneskelig aktivitet skal ikkje førekomme	Middels. Det kan sjå ut som hovudtyngda av overnattande svaler har flytta til Lerstadvatnet frå Ratvikvatnet	Oppretthalde området som attraktivt og skjerma for trekkfugl, særlig ved å ta vare på dunkjevlebeltet	Trekkande fugl skal overvakast i samsvar med standardiserte metodar
4	Rik kulturlandskapssjø	Framande arter	Ingen førekomst av framande arter	Middels. Areal dekket av framande artar er 0 - 5 %. Stadvis høg konsentrasjon av framande planter	Fjerne alle framande artar. Meir spesifikk metode varierar frå art til art.	Det <i>kan</i> nyttast gift på særleg vanskjelege artar dersom det viser seg at dei ikkje kan fjernast mekanisk. Ikkje sprøyting.
5	Rik kulturlandskapssjø	Utbreiing	Arealet til vassflata skal ikkje ha minka samanlikna med arealet i 1988 (vernetidspunktet)	Middels. Vassflata har blitt målbart mindre dei siste tiåra	Grave ut og/eller mudre ved behov	Feltobservasjonar, flyfoto

# Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat



## 3 BRUKARINTERESSER

### 3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlag og rammer for kva aktivitetar som er tillate i Lerstadvatnet naturreservat. I dette kapittelet vil verneforskrifta bli knytt mot ulike brukarinteresser. Heile verneforskrifta ligg som vedlegg 1.

Det er nokre kapittel i verneforskrifta som gir særlege retningslinjer for forvaltninga. I kapittel IV går det fram kva for reglar som gjeld for reservatet, her er det opplista kva aktivitetar som ikkje er tillate innafør reservatet. I kapittel V er det omtala dei aktivitetane som er unntatt frå reglane i kapittel IV, mens det i kapittel VI går fram kva aktivitetar forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode gjennom forskriftene i kapittel IV, og som ikkje er nemnt i kapittel V eller VI er i utgangspunktet forbode. Ålesund kommune kan likevel gje dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfeller etter dispensasjonsforskriftene i § 48 i naturmangfaldloven. Tolking av forskrifta er nærare omtala i kapittel 5.2.



*Toppand på vatnet, med dunkjevlebeltet i bakgrunnen*

### 3.2 Friluftsliv, jakt og fiske

Lerstadvatnet naturreservat overlappar med Hatlaåsen – Lerstadvatnet – Åsemulen friluftsområde, og blir i utstrakt grad nytta som tur- og rekreasjonsområde. Hovudattraksjonen



*Kartet viser korleis reservatet (raud skravur) overlappar med friluftsområdet (blå skravur) (Norge Digitalt).*

## Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat

i reservatet er ein tilrettelagt turveg som går langs reservatgrensa, den blir nytta dagleg. Bruken av området har truleg auka som følgje av denne tilrettelegginga og gjer området til eit attraktivt friluftsområde for innbyggjarane i nærmiljøet. På eit punkt sørvest i reservatet går stien ned ein bratt bakke heilt ned mot vatnet. Her bør ein leggje om stien både av omsyn til fuglelivet og til dei som ønskjer å bruke stien, men som har fysiske handikap. Stien bør leggest litt høgare i terrenget slik at han blir jamnare for å omgå desse problema.

Området har generelt ferdselsforbod utanom oppmerka stiar og utkikkspunkt mens vatnet er ope, dette er av omsyn til fuglelivet. Fugl som hekkar i området er avhengig av ro i hekkesesongen. Særleg viktig er dette for sjeldsynte fuglar som dvergdykkaren. Over området går det tråkk nytta av rådyr og hjort, dette bør ikkje kunne forvekslast med stiar for menneskeleg ferdsel. Men når vatnet om vinteren er isdekt er det fri ferdsel i heile området, og vatnet er velegna for å gå på skøyter når isen er trygg.



*I reservatet er det bandtvang for hundar heile året*

Det er bandtvang for hund heile året i Lerstadvatnet naturreservat av omsyn til fuglelivet. Alle skilta som viser reservatgrensa skal derfor utstyrast med ekstraskilt som opplyser om bandtvangen. Turstien er mykje nytta heile året, både av hundeeigarar og andre. Ein kan derfor med fordel setje opp nokre søppelspann og stativ med hundeposer på strategiske plasser. Kommunen er ansvarleg for å tømme søpla og halde poseautomatane fylde.

Det er ikkje lovleg å drive jakt og fangst innafor naturreservatet, og det er ikkje lov å innføre nye planter eller setje ut vilt. Det er oppgang av glassål i Lerstadelva til vatnet, men i Noreg er det fangstforbod på ålen etter at bestanden har minka dramatisk dei siste 20 åra. Grunna fysiske stengsle er det ikkje mogeleg for sjøaure å gå opp Lerstadelva til vatnet. Det vil heller ikkje være hensiktsmessig å setje ut fisk her med dei tilhøva ein finn i vatnet i dag.

Verneforskrifta seier klårt i kapittel IV at *”Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade og øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i viltlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode”*.

Det er ikkje gitt unntak frå forskrifta for å plukke til dømes sopp og bær i området, dette heng saman med ferdselsforbodet. Etablering av nye stiar krev dispensasjon frå forskrifta, og slike tiltak må eventuelt vurderast opp mot føremålet med vernet. Sjå òg *Forståing av unntak frå forskrifta* kap 5.2.

Verneforskriftene går føre friluftlova og allemannsretten ved eventuelle motsetjingar i lovverket. Fordi det er eit område som er verna på grunn av naturen vil naturen derfor bli prioritert over friluftinteresser ved ei eventuell konflikt. Forskriftene som er aktuelle i

## Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat

samband med friluftsliv er omtala i kapittel IV nr.4 og gjer klar rettleiing for kva aktivitetar som er ulovleg; ”*Motorisert ferdsel til lands, samt lågtflyging under 300 m er forbode. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode. Bruk av seglbrett er forbode. Camping, teltslaging og oppsetjing av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode. Så lenge det er ope vatn, er all ferdsel utanom oppmerka stiar og utkikkspunkt forbode i reservatet*”.

### Forvaltingsmål for friluftsliv, jakt og fiske

- Området skal kunne nyttast som friluftsliv- og rekreasjonsområde, med aktivitet langs stien, og på vatnet når det er islagt
- Stien bør leggast om der den går heilt inntil våtmarksområdet både av omsyn til fugleliv og turgåarar
- Setje opp søppelspann og stativ med hundeposar på nokre strategiske plasser langs turvegen
- Verneskilta rundt reservatgrensa må få ekstra skilt som opplyser om ferdselsforbod utanfor turstien og bandtvang heile året innafor reservatet
- Området må sikrast mot ferdsel ved merking, til dømes ved stenging av stiar og tråkk der det ikkje er tillate med ferdsel
- Forstyrtinga av fuglelivet bør generelt haldast på eit minimum. Det er viktig at informasjon vektlegg verdien området har for fuglelivet



*Lerstadvatnet blir flittig brukt vinterstid når isen er trygg (foto utlånt av Nina Rabben)*

### 3.3 Nabokonflikt og attgroingsproblematikk

Vatnet og områda rundt ber preg av attgroing, og skogen kring vatnet har blitt vesentlig større både i utbreiing og høgde sidan vernetidspunktet. Skogen er særleg eit problem på sørsida av vatnet der det no er fullt av halvhøge lauvtre, mellom anna er platanlønn i rask vekst her. Dette er til irritasjon for naboane, i tillegg til at sivbeltet står i fare for å gro att av kratt. Trevegetasjon som er i sivbeltet skal derfor fjernast.

Ein del vegetasjon bør fellast i tillegg til dei trea som er framande artar, dette gjeld særlig furu og mindre lauvtrevegetasjon. Lauvskog gir meir allsidig og variert fugleliv enn barskog. I tillegg er det mykje fin barskog i nærleiken, til dømes i Hatlaåsen-Lerstadvatnet-Åsemulen friluftsområde. Naboar til området har tilbydd seg å vere med å holde kratt og trevegetasjon i sjakk, og om det fortsett er interesse opnar vi for at området i sør kan ryddast for kratt og tre i samarbeid med forvaltingsstyresmakta og Statens naturoppsyn (SNO) som vist på kart 5a og b. Mellom anna står det ein del større tre i skråninga inntil turvegen som med fordel kan fjernast, sjå kart 5. Slik kan ein delvis få tilbake eit ope og stelt preg mot bustadane og turvegen. Det ligg ei lita fuktmark i området, den må ikkje bli påverka av ryddinga.

All vegetasjonsrydding må gå føre seg når vatnet er islagt som spesifisert i verneforskrifta. Forvaltingsstyresmakta skal orienterast, til dømes med ein e-post eller ein telefonsamtale, om vegetasjon som blir fjerna i privat regi på seinare tidspunkt, etter at ein har blitt einige med kommune og SNO om korleis områda skal tynnast.

Langs grensa i nord og sørvest antar vi at attgroing ikkje er til sjenanse og at naboar er lite interessert i å skjytte, derfor blir dette ståande urørt. Her står det mest lauvtre og det gir ein naudsynt buffersone mot hus og veg. Det er viktig å understreke at området er verna på grunn av dei viktige naturkvalitetane. Det er ikkje eit parkanlegg og skal derfor ikkje skjøttast som eit.

Det er eit stort problem at det blir dumpa hageavfall av ymse slag innafør verneområdet, dette er i stor grad med på å forsterke gjengroingsproblematikken. Forvaltingsstyresmakta håpar at samarbeid med naboar om skjøtsel og opprydding i reservatet fører til ei endra haldning til vernet, og at det i framtida ikkje blir dumpa meir avfall langs turstien. Sjø òg kap 2.4.

### **Forvaltingsmål for problem med attgroing**

- Tynne ut og stadvis fjerne lauvkratt, særleg ut mot sivbeltet og sør i reservatet
- Fjerne nokre av dei høgaste furuene langs sørgrensa.

## **3.4 Undervisning og forskning**

Med unntak av to identiske informasjonstavler om Lerstadvatnet naturreservat er ikkje området spesielt tilrettelagt for undervisning og forskning. All aktivitet i området utanfor merka turveg når vatnet er ope krev dispensasjon frå forskrifta. Det har vore gitt dispensasjon for bruk av området i undervisning i naturfag i skulen, dette er eit positivt tiltak og forvaltingsstyresmakta oppfordrar til slik bruk, men det er viktig at det blir søkt om løyve for slik bruk. Det skal avklarast kva deler av området som skal nyttast.

### **Forvaltingsmål for undervisning og forskning**

- Det er positivt at reservatet nyttast i undervisning, men det er viktig med løyve til slik bruk

### 3.5 Bygningar og tekniske inngrep

Det står gatelys langs turvegen på nord-, aust- og delar av sørsida av reservatet. I sør står det ein lyskastar som vender mot vatnet for å lyse opp om vinteren, det er vikla inn ein leidning i denne som bør fjernast. I vest er det lagt to mindre bruer i forbindelse med turvegen, dei går over to bekkar som renn inn i reservatet. Rundt Lerstad skule og barnehage står det nokre gjerder og leikehus, men desse er alle utanfor reservatgrensa. Tafjord Kraftnett AS har ein høgspent jordkabel i sør-vestre delen av reservatet. Denne traseen følgjer delvis stien rundt vatnet.

Det er ikkje lovleg med inngrep som kan endre dei naturlege tilhøva i reservatet, og i kapittel IV i vernereglane er det nærare spesifiser kva aktivitetar som fell innunder denne. Oppstillinga er ikkje fullstendig. Det finst nokre unntak, dei er lista i kapittel V, som blant anna omfattar ein del spesifisert sikringsarbeid og vedlikehald av eksisterande konstruksjonar.

#### Forvaltingsmål for bygningar og tekniske inngrep

- Det skal ikkje etablerast nye bygningskonstruksjonar innfor naturreservatet
- Konstruksjonar som alt finst i området og som kan være til hinder eller skade for friluftsliv og vilt, som gamle gjerderestar og leidningar, må fjernast

## 4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

### 4.1 Skjøtsel og forvaltningstiltak

Naturmangfaldlova § 47, første avsnitt, omtalar skjøtsel av verneområde: *”I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av området. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan òg inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak”*.

Med *skjøtsel* meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltingsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt sett i gang for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med Ålesund kommune og Statens naturoppsyn (SNO). Det er viktig å sjå på verneforskrifta og då særleg formålsparagrafen ved skjøtsel i reservatet. Gjennomføring av tiltak med omfattande aktivitet skal skje i vinterhalvåret. Dette er for å unngå å forstyrre hekkande fugl.

Til planen er det utarbeidd eit kart, sjå vedlegg 2, og ei liste over tiltaka, sjå vedlegg 4. Beløpa skissert i tiltakslista er grove overslag over kostnadene knytt til kvart tiltak. For kvart tiltak må kostnaden vurderast etter kor mykje pengar som blir løyvd frå sentralt hald kvart år. I tillegg må meir detaljert budsjett settast opp for dei større prosjekta der kostnaden blir utrekna i detalj.



## Framande planteartar

Det er verneforskrifta som gjeld når skjøtselstiltak skal vurderast. Det gjeld likevel eigne reglar for framande artar, som er eit stort problem i dette reservatet. Framande artar er alltid ein trugsel og uønska i norsk natur. Dei representerer ein reell fare for den lokale floraen ved at dei spreier seg og fortrenger annan vegetasjon. Det er viktig å fjerne dei framande artane frå reservatet. Med tanke på dei innførte artane nemnt i kap 2.4 er det på tide å for å rydde opp i problemet. Grunneigarar og naboar til reservatet må informerast om at hageutkast inntil reservatgrensa og innafor ikkje er tillate. Det er best om opprydding i reservatet kan gjerast i samarbeid med lokale krefter som til dømes naboar og skulen, for å få fram kor viktig det er at reservatet blir haldt reint og fritt for hageavfall. Dei framande artane skal fjernast mekanisk dersom dette er mogeleg, men det kan opnast for bruk av plantegift dersom det skulle vise seg naudsynt.

All grana i reservatet bør fjernast, det står eit lite felt sørvest i. Gran har stor evne til spreining og fortrenger stadeigen vegetasjon. Grana endrar jordsmonnet og gir anna lys og næringstilgang enn lauvtre, derfor tar ein sikte på å reetablere lauv- og furuskog i staden for granskog i reservatet. Dette vil oppretthalde dei gode leveforholda for dyra i reservatet.

## Forureina vatn

Aust i reservatet renn det ein bekk inn i reservatet. Den skal vere avrenning frå E136 og derfor ikkje forureina, men den er full av olje og andre forureinande stoff. Ein rapport frå 2007 påviste tilsig av diesel/olje i denne bekken, dette har ikkje blitt utbeta. Seinast hausten 2009 var det fortsett olje i vatnet her. Det er ikkje teikn til forureining i bekken på austsida sida av E136, der han renn inn under vegen. Det er derfor grunn til å tro at det fortsett er ulovleg utslepp av kjemikalium frå industriområdet, eller at grunnen under dette området er tungt forureina frå tidlegare, eller begge deler. Årsaka må stadfestast og problemet utbetrast umiddelbart. Om naudsynt skal grunnmassane reinskast for kjemikalium.



Lokaliseringa av vassrøyr med avrenninga frå E136

Statens vegvesen Region Midt opplyser at dei i april 2009 utarbeida ein rapport om faglig vurdering av økologiske konfliktområde langs stamvegnettet i Region Midt. Det skal utarbeidas ein tiltaksplan for Regionen. Tiltaksplanen skal innehalde en investeringsdel og en drifts- og vedlikehaldsdel, og bør sjåast i samanheng med vasskartlegging. Statens vegvesen har i år presentert fire forslag til tiltak i

naturvernområde/ naturreservat. Om Lerstadvatnet ikkje blir prioritert i år, er det god grunn til å anta at det vil bli prioritert i 2011, men det er enno ikkje tatt standpunkt i forhold til kva type tiltak som bør gjennomførast i området, og om dei nemnte rør/avløpsforholda bør være ein del av desse.

#### Skjøtselstiltak

- Fjerne framande artar som parkslirekne og hageplanter
- Fjerne granskogen, samt buskfuru og bergfuru
- Reinse forureina grunn rundt bekken i austenden av vatnet

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 4.

## 4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

Effektiv overvaking av naturområde krev kunnskap om kvaliteten og tilstanden til verneverdiane. Jamleg overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å kunne vurdere tilstand og behov for tiltak. Lerstadvatnet naturreservat blei naturtypevurdert i 2001 og 2008 i samband med naturtypekartlegging for Ålesund kommune. Det er ikkje gjort inngåande systematisk kartlegging av flora, men informasjonen som finst er tilstrekkelig til å kunne forvalte området på ein forsvarleg måte. Det er likevel viktig at forvaltingsstyresmakta i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal opprettheld regelmessig kartlegging slik at eventuelle endringar blir fanga opp og naudsynte tiltak kan settast inn. I denne forvaltingsplanen er det definert bevaringsmål naturtypar i reservatet, og oppfølging av desse er sentrale for forvaltinga av reservatet i framtida. Lerstadvatnet bør overvakast med regelmessige intervall for å kartleggje tempo og mønster på endring i flora, fauna og eventuell gjengroing, og ein må vurdere tiltak ved kvar revidering av forvaltingsplanen. Tempo og intensitet i attgroing av sjølve vatnet bør òg overvakast slik at ein kan vurdere tiltak for å bremse eller reversere ei negativ utvikling. Eventuelle tiltak bør utførast som eit samarbeid mellom kommunen, fylkesmannen og SNO.

Verdien av området for våtmarksfugl vart særlig vektlagt ved etablering av vernet. Norsk ornitologisk foreining har gjort hyppige observasjonar i området sidan da, det er desse registreringane som er lagt til grunn ved utforming av forvaltingsplanen.



Overvaksingsarbeid etter utilsikta forureining

Ålesund kommune har hovudansvaret for overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterar til Ålesund kommune når det er behov for det, og minst ein gong kvart år. Utvikling og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av Ålesund kommune og tiltak setjast inn om naudsynt.

Ålesund kommune har hovudansvaret for overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterer til Ålesund kommune når det er behov for det, og minst ein gong kvart år. Utvikling og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av Ålesund kommune og tiltak setjast inn om naudsynt.

### Overvakingstiltak

- Overvaking av området skal gi auka kunnskap om utviklinga av naturkvalitetane i Lerstadvatnet naturreservat
- Overvakinga skal gi kunnskap om korleis skjøtsel og bruk påverkar naturkvalitetane

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 4.

### 4.3 Informasjon og tilrettelegging

Det er laga ei informasjonstavle for Lerstadvatnet naturreservat. Ho er sett opp ved starten av turstien ved bensinstasjonen i nordvest og ved byggefeltet i søraust slik at det finst informasjon i startpunktta for stinettet i reservatet, skiltet er vist i vedlegg 5. Tavla er ikkje spesielt veileigna som informasjon til brukarar av området og bør oppdaterast. Informasjonen bør opplyse meir selektivt om brukarinteresser og –retter for reservatet, og kva som er skilnaden på reservatet og friluftsområdet. Reservatet er i tillegg merka rundt grensene med grensemerking og verneskilt. Dei fleste skilta er gamle og øydelagde og må skiftast ut. Det manglar òg ekstra merking for heilårs bandtvang og ferdselsforbod. Informasjon om kva fugleartar som held til og besøker reservatet bør settast opp for å auke interessa for verneområdet. Dvergdykkaren bør omtalast spesielt sidan han er sjeldsynt i landet, og spesiell for dette reservatet.

All informasjon skal utarbeidast av eller i samarbeid med Ålesund kommune.

### Informasjons- og tilretteleggingstiltak

- Verneskilta rundt reservatgrensa må få ekstra skilt som opplyser om ferdselsforbod utanfor turstien og at det er bandtvang heile året innafor reservatet
- Informere om brukarretter for reservatet og friluftsområdet, helst ved å oppdatere informasjonstavla for verneområdet
- Informere om dei vanlegaste fugleartane i området, særleg dvergdykkaren

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 4.

### 4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak blir etterlevd. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområda i Noreg. Hovudoppgåva til SNO er å sørgje for at vernereglane for området blir fylgt. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med Ålesund kommune og vil bli

orientert dersom det er gitt dispensasjoner frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn, og avgrensa politimynde etter miljølovene (friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova). I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i blir gjort i samråd med fylkesmannen, og enkelte av tiltaka er nærare presentert i denne forvaltingsplanen.

Ålesund kommune er som forvaltingsstyresmakt bestillar av oppsynsoppgåve hos SNO.



*Lerstadvatnet naturreservat sett frå nordvest (Foto: Øyvind Leren, 2002)*

## 5 SAKSHANDSAMING

### *5.1 Forvaltingsstyresmakt*

**Ålesund kommune** vart tildelt forvaltningsmynde for Lerstadvatnet naturreservat gjennom vedtak i Direktoratet for naturforvaltning av 16.12.2002. Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta skal sendast direkte til kommunen. I saker der kommunen sjølv står som tiltakshavar skal likevel søknaden sendast til og behandlast av fylkesmannen.

## 5.2 Lovverk, føringar og forvaltning

Lerstadvatnet blei verna som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal i 1988, men grunna stort press på området blei det innført midlertidig vern 10. april 1981.

Naturvernloven frå 1970 blei oppheva da naturmangfaldloven 19. juni 2009 blei vedtatt. Store delar av naturvernloven er vidareført i kap. 5 i naturmangfaldloven. Sjølv om hovudtrekka i naturvernloven er vidareført, er det gjort nokre endringar. Forskrifta for verneområdet går normalt føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneføresegnene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Formålet med verneområdet skal tilleggast stor vekt ved fortolking av vernevedtak. Enkeltvedtak skal tolkast i lys av det spesifikke formålet, og “føre var” - prinsippet skal tilleggast vekt ved fortolking av vernevedtak. Tvil om rettslige rammer i ei verneforskrift bør til dømes tyde at forskrifta fortolkas innskrenkande.

Verneforskrifta for Lerstadvatnet naturreservat finst som vedlegg 1.

### Forvaltning av verneforskrifta

Verneforskriftene endrar ikkje grunneigars retter og plikter etter anna regelverk utan at det går fram særskilt av forskriftene. Forskriftene endrar f.eks. ikkje grunneigars rett til å nekte motorferdsel eller andre tiltak på sin eigedom. (Grunneigar kan likevel ikkje nekte forvaltningsstyresmakta motorferdsel på sin eigedom i forbindelse med skjøtsel).

Verneforskrifta kan innebere forbod eller innskrenkingar i grunneigars, rettshavars og publikum sin råderett, men kan ikkje gi vernestyresmakta eller det offentlige noen særskilt råderett ut over det som følgjer av høve til skjøtsel etter regelverket. Det oppstår av og til tvil om kor mykje som kan tolkas inn under dei spesifiserte unntaksvedtak. Det er f.eks. ofte tatt inn vedtak i verneforskriftene som fastslår at enkelte tiltak skal være lovleg - utan at ein kan slutte at andre typar tiltak som er nødvendig for å gjennomføre det lovlige tiltaket òg er lovleg.

Forvaltninga av verneområde skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos kommunen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen eller SNO som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding.

### Forståing av unntak frå forskrifta

**Kap V** i verneforskrifta listar opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon.

**Nr. 1** omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltningsstyresmakta.

**Nr. 2** stadfester at vedlikehald av grøftelaup som drenerer jordbruksareal i reservatet er lov. Det finst ingen slike grøftelaup innafor reservatet, derfor er dette punktet uaktuelt for Lerstadvatnet naturreservat. Sjå òg kap.VI.2.

**Nr. 3** opnar for vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner. Begge delar er å finne i reservatet og må haldast i stand av dei som er ansvarlige. Paragrafen gir ikkje rom for å opprette nye stiar og vegar eller sette opp nye kraftliner, det krev dispensasjon frå forskrifta.

**Nr. 4** opnar for vedlikehald av eksisterande teleliner og kablar. Forskrifta opnar her for vedlikehald og utskifting av Tafjord Nettselskap AS sin høgspenkabel. Men det må søkjast løyve av Ålesund kommune som forvaltningsstyresmakt til bruk av motoriserte kjøretøy.

**Kap VI** viser til dei tilhøve der kommunen kan gje løyve etter søknad. Sjølv om dispensasjonsheimelen er det klare utgangspunktet for tolkinga, må ein dispensasjon òg vurderas ut frå verneformålet og naturforholda i det enkelte området. Det bør gis dispensasjon for tiltak som bidrar til å fremme verneverdiane. Slik bruk kan òg vurderast som eit ledd i forvaltning for å bevare verneverdiane.

**Nr. 1** gir tilsynelatande høve til jakt etter dispensasjon dersom ein art er i mistilhøve til andre artar eller miljøet. Dette er ikkje ei aktuell problemstilling i reservatet og gir ikkje høve til felling av til dømes ramn, hjort eller grågås i reservatet.

**Nr. 2** nemner etablering av grøftelaup for drenering av anna areal. Dette kan bli aktuelt, men alternative løysingar må vurderast. Det skal ikkje leggjast nye grøftelaup som er i strid med verneformålet. Det er ei grøft som drenerer reservatet, den går i reservatgrensa og må alltid haldast open for å unngå skader på eigedom som ligg inntil reservatet. Slikt vedlikehald er ikkje søknadspliktig jamfør kap V.2.

**Nr. 3** opnar for bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg og liknande. Kommunen vil ikkje nytte Lerstadvatnet som reservevasskilde, derfor er dette punktet ikkje aktuelt.

## Generelt om dispensasjon frå forskrifta

Etter overgangen til naturmangfaldloven 1.juli 2009 gjeld no § 48 i denne loven i staden for den generelle dispensasjonsreglane i verneforskrifter som er eldre enn dette. Det betyr at saker om dispensasjon ikkje skal behandlast etter kap. VIII i verneforskrifta for Lerstadvatnet naturreservat, men etter naturmangfaldloven § 48. Dei spesifiserte dispensasjonsheimlane i kap VI i verneforskrifta gjeld framleis. Naturmangfaldlovens § 48 er sitert nedst i vedlegg 1 – verneforskrifta.

## Retningslinjer for sakshandsaming

Punkta under syner generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Lerstadvatnet naturreservat.

1. Alle søknadar om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Ålesund kommune.
2. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal difor først vurderast etter verneforskriftene før dei eventuelt blir behandla etter anna lovverk.
3. Klage på vedtak gjort av kommunen skal handsamast etter reglane i forvaltingslova. Ein eventuell klage på eit vedtak skal derfor sendast Direktoratet for naturforvaltning

via Ålesund kommune. Kommunen vil då sjå om det er kome nye saksopplysningar som tilseier at vedtaket kan gjerast om. Dersom forvaltingsstyresmakta opprettheld sitt vedtak skal klagen oversendast Direktoratet for naturforvaltning for endeleg handsaming og vedtak.

4. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Direktoratet for naturforvaltning og Statens Naturoppsyn.

### **Behov for endring av forskrifta**

Verneplanen for våtmark var den første verneplanen som var vedteken her i fylket. Forskrifta er laga etter ein mal som på fleire punkt ikkje er i samsvar med nyare vernevedtak for naturreservat, og har behov for ei oppdatering og modernisering. Dette vil fylkesmannen samordne med andre verneområde i denne verneplanen og handsame som eiga sak på eit seinare tidspunkt.

## **6 FORVALTINGSPLANENS TIDSPERSPEKTIV**

Forvaltingsplanen for Lerstadvatnet naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedtatt. Kommunen er ansvarleg for revideringa av planen i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vi tar sikte på å gjere dette kvart 10. år, første gong i 2020. Kommunen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er naudsynt. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse føreligg, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.



## 7 REFERANSAR

- Artsdatabanken, 2006. *Norsk Rødliste 2006*.  
<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=114&amid=1792>. 15.08.09
- Artsdatabanken, 2007. *Norsk svarteliste 2007*.  
<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=172&amid=2581>. 20.09.09
- Nilsen, L.S, Fløistad, I.S. og Bele, B, 2008. *Bekjempelse av rynkerose (Rosa rugosa) – Utprøving av metodikk (mekanisk og kjemisk) i Rinnleiret naturreservat og Ørin naturreservat i Levanger og Verdal, Nord-Trøndelag*. Bioforsk papport Vol 3 nr 163 2008.
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning*.  
[www.dirnat.no](http://www.dirnat.no), 03.08.09.
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 27 – Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv*. [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no), 12.08.09.
- Fremstad, E., 1997. *Vegetasjonstyper i Norge – NINA temahefte 12*.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982. *Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke*.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1978. *Ornitologisk viktige våtmarksområder i Norge*. Miljøverndepartementet.
- Holtan, D., 2001: *Dvergdykkerens status i Norge*. Vår Fuglefauna 24: 100-108.
- Holtan, D. 2008: *Supplerende kartlegging av naturtyper i Ålesund kommune 2008*. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavdelinga, rapport 2008:05
- Holtan, D. (red.). 2001. *Biologisk mangfold i Ålesund. Sluttrapport 2001*. Ålesund kommune, rapport.
- Lid, J., 1987. *Norsk, svensk, finsk flora*. 5. utg, 2. opplag. Det norske Samlaget, Oslo.
- Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss.
- Svensson, L., Grant, P. J., Mullarney, K. og Zetterström, D., 1999. *Gyldendals store fugleguide – Europas og middelhavsområdets fugler i felt*. Gyldendal Fakta, Oslo.
- Ålesund kommune, 2009. *Miljøpolitikk i Ålesund*. Nordvesttrykk, Ålesund.

### Nettsteder

- Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase*. [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no)
- Lovdata, 2009. [www.lovdata.no/](http://www.lovdata.no/)
- Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, areal- og miljøvernavdelinga.  
<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1552>
- Ålesund kommune, <http://www.alesund.kommune.no>
- SABIMA, [www.sabima.no](http://www.sabima.no)



## VEDLEGG:

### *Vedlegg 1*

#### **Forskrift om vern av Lerstadvatnet naturreservat, Ålesund kommune, Møre og Romsdal.**

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### **I**

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf § 10 og § 21, § 22 og § 23 er eit våtmarksområde ved Lerstadvatnet i Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Lerstadvatnet naturreservat.

#### **II**

Det freda området berører følgjande gnr/bnr:

37/31, 58; 38/3, 47, 69, 132, 138; 50/94, 95.

Reservatet dekkjer eit areal på ca 135 dekar.

Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:2.000, datert

Miljøverndepartementet oktober 1987. Kartet og fredingsføresegnene blir oppbevarte i Ålesund kommune, hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

#### **III**

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhørande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

#### **IV**

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf likevel punkta V - VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.  
Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i viltlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.  
Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.  
Utsetjing av vilt er ikkje tillate.
3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmiddel.  
Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorisert ferdsel til lands, samt lågtflyging under 300 m er forbode. Bruk av modellbåtar

## Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat

og modellfly er forbode.

Bruk av seglbrett er forbode.

Camping, teltslaging og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

Så lenge det er ope vatn, er all ferdsel utanom oppmerka stiar og utkikspunkt, forbode i reservatet.

### V

Føresegnene i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
2. Vedlikehald av grøfteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
3. Vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner.
4. Vedlikehald av eksisterande teleliner/kablar.

### VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gje løyve til:

1. Kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike artar eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar.
2. Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal.
3. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg m.m.

### VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtelsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

### VIII - UTGÅTT, sjå naturmangfaldlova § 48

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

### IX

Forvaltinga av fredingsføresegnene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

### X

Desse fredingsføresegnene trer i kraft straks.

## **Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldloven)**

**§ 48. dispensasjon fra vernevedtak**

## Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.


Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Kjelde: [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)

Vedlegg 2

Kart over området med teiknforklaring



### Vedlegg 3

#### Registrerte fuglar i Lerstadvatnet naturreservat

Liste over fuglar som er observert i eller i direkte nærhet av Lerstadvatnet naturreservat gjennom dei siste 35 år. Alle raudlista artar er merka med raud farge. Status er delt inn i følgjande kategoriar, der dei seks første kategoriane er å sjå som raudlista: RE = Regionalt utdøydd, CR = Kritisk trua, EN = Sterkt trua, VU = Sårbar, NT = Nær trua, DD = Datamangel, LC = Livskraftig, NA = Ikkje egna, NE = Ikkje vurdert. Vurdert etter Rødlista 2006. Data kjem frå Artsdatabanken, Miljøverndepartementets rapport "fylkesvis oversikt over ornitologisk viktige våtmarksområder i Norge", Ålesund kommunes naturtupekartleggingsrapportar og internt rapportssystem hos fylkesmannen .

Art	Raudliste-status	År	Merknader
Bergand	VU	1997	
Bokfink	LC	2009	
Brunnakke	LC	1978	
Damsnipe	NA	1993	
Dvergdykkar	NT	årleg	Viktigaste hekkelokalitet i Noreg
Enkeltbekkasin	LC	2001	
Fiskemåke	LC	2009	
Fjellvåk	NT		
Gluttsnipe	LC	2000	
Gravand	LC	1994	
Grønnfink	LC	2009	
Grønlandsmåke	NA	1988	
Grønnstilk	LC		
Grågås	LC	1996	
Gråhegre	LC	2009	
Gråtrost	LC	2009	
Gulerle, sørleg	LC	1992	
Havørn	LC	2009	Innom på besøk av og til
Hettemåke	NT	2009	
Hønsehauk	VU		
Kjøttmeis	LC	2010	
Knekkand	EN	2001	
Krikkand	LC	2009	
Kvartbekkasin	LC		
Kvinand	LC	1999	
Låvesvale	LC	1999	Rastar i dunkjevlebeltet i trekketida
Makrellterne	VU		
Myrrikse	EN	2005	Svært sjeldan gjest
Orrfugl	LC		
Purpurhegre	-	1994	Svært sjeldan syn i Norge. Hekkar ikkje
Raudstilk	LC	1978	
Rugde	LC		
Rødstrupe	LC	2009	
Rørdrum	NA	1948	
Sandsvale	LC		Rastar i dunkjevlebeltet i trekketida
Siland	LC		
Sivhøne	NT	2010	
Sivspov	LC	2001	
Skeiand	VU	2001	I trekketida, sporadisk

Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat

Skogsnipe	LC		
Snadderand	VU	2001	
Songsvane	NT	2000	Vintergjest
Sothøne	LC	2005	
Stjertand	NT	1994	I trekket, sporadisk
Stokkand	LC	2001	
Storfugl	LC		
Strandsnipe	LC		
Taffeland	NA	1994	
Taksvale	LC		Rastar i dunkjevlebeltet i trekketida
Tjeld	LC		
Toppand	LC	2009	
Tårnfalk	LC		
Vannrikse	VU	2004	Nokre registreringar, mogleg hekking
Vipe	NT	2001	

Forvaltingsplan for Lerstadvatnet naturreservat

Vedlegg 4 a


Samleskjema for ulike tiltak i Lerstadvatnet naturreservat

Nr	Tiltak	Prioritet	Utførande aktør	Finansiering	Kostnads-overslag	Gjennom-førast	Merknad
1	Kartleggje fuglelivet	Høg	Fylkesmannen	DN		Regelmessig	I samarbeid med NOU?
2	Flytte turvegen høgare i terrenget	Høg	SNO	DN		2011	Kap 3.3.
3	Fjerne framande artar	Høg	SNO	DN		Årleg	Kap 4.1
4	Ekstramerkje på reservatskilta med ferdselsforbod	Middels	SNO	SNO		2011	Kap 4.1
5	Ekstramerkje på reservatskilta med bandtvangskilt	Middels	SNO	SNO		2011	Kap 4.2
6	Ekstra informasjon om fuglelivet i reservatet	Middels	SNO	DN		2011	Kap. 4.3
7	Konstruksjonar som kan vere til skade eller hinder for folk og vilt må fjernast	Lav	SNO	DN			Kap 3.4
8	Merkje opp vernegrensa på nytt i samsvar med kgl. res.	Lav	Fylkesmannen/ SNO	DN			Det viktigaste er å forandre grensene i digitale kart for å unngå problem i framtidig sakshandsaming


Sjå tilhørande kart neste side


Vedlegg 4 b

Forvaltingsoppgåver og tiltak, kart









## Vedlegg nr. 6

### Saksbehandling forvaltningsplan for Lerstadvatnet naturreservat

For ordens skyld opplyser vi innleiingsvis at det er Ålesund kommune som er forvaltningsstyresmakt for Lerstadvatnet naturreservat. Fylkesmannen har fungert som saksbehandlar i prosessen med denne forvaltingsplanen (Møre og Romsdal fylke før 31.12.2009).

Melding om oppstart av arbeidet med forvaltningsplan for Lerstadvatnet naturreservat blei send som brev frå Møre og Romsdal fylke den 18.09.2009 til alle grunneigarane, kommunen og andre brukargrupper. Brevet oppmoda til å kome med synspunkt/innspel til planarbeidet innan 30.10.2009. Same brevet inviterte til oppstartsmøte/orientering om arbeidet med forvaltningsplanen den 15.10.2009.

Oppstartsmøtet var eit fellesmøte for Ratvikvatnet og Lerstadvatnet naturreservat. På oppstartsmøtet møtte ti grunneigarar og naboar. I tillegg møtte Geir Haugli frå Friluftsrådet for Ålesund og omland, Svein Hansen og Gunnar Godø frå Ålesund kommune. Ragna Sortland og Asbjørn Børset representerte Møre og Romsdal fylke.

Informasjon og innspel som kom fram under møtet er teke omsyn til i planen så langt det er praktisk mogleg og forskriftene tillet.

#### **Det kom ingen skriftlege innspel innan fristen 30.10.2009:**

Eit høyringsutkast til forvaltningsplan vart utarbeidd og send til høyring 28.04.2010. Fylkesmannen sette høyringsfristen til 15.06.2010.

#### **Det kom inn følgjande merknader innan 15.06.2010:**

**Statens vegvesen :** *Fylkesmannen blir gjort merksam på at det er godkjent kommunedelplan for ny E136 i tunnel litt nord for reservatet. Tunnelen vil, dersom han blir realisert, liggje vesentleg lågare enn Lerstadvatnet.*

**Ålesund kommune:** *Kommunen er positiv til planarbeidet, men peikar på at staten bør stille økonomiske midlar til disposisjon for kommunen i samband med dei skjøtselstiltaka som planen legg opp til.*

**Tafjord Nettselskap AS:** *Fylkesmannen blir gjort merksam på at det går ein høgspentkabel gjennom sør-vestre delen av reservatet. Kabelen ser ut til å følgje delar av ein gangveg som går rundt vatnet.*

#### **Fylkesmannen sine vurderingar av merknadene:**

Fylkesmannen tek Statens vegvesen sine tunnelplanar til vitande. Fylkesmannen syner her til den hydrologiske undersøkinga som blei utført som del av konsekvensutreiinga (Jordforsk Rapport 66/00, juli 2000). For at ikkje tunnelen skulle få konsekvensar for Lerstadvatnet blei det her sett krav til maksimumlekkasje på 10 l/min/100 m i tunnelen og foreslått tiltak for overvaking av situasjonen før, under og etter veganlegget.

Fylkesmannen kan ikkje forskottere framtidige statlege løyvingar til skjøtselstiltak i reservatet. Men Ålesund kommune kan som forvaltningsstyresmakt søkje om midlar til konkrete skjøtselstiltak gjennom den årlege bestillingsdialogen med fylkesmannen og Statens naturoppsyn.

Kap. V, nr.4 i forskriftene opnar for vedlikehald og erstatting av straumkablur. Men ifølgje kap. IV, nr. 4 må Ålesund kommune som forvaltningsstyresmakt gje løyve til bruk av motoriserte kjøretøy.

Det er ikkje realistisk å fange opp alle eventualitetar i ein forvaltningsplan, noko må ein ta i den daglege forvaltninga. Planen er meint som eit fundament å byggje vidare på etter som ein ser tilstanden endrar seg, eller behov melder seg. Men formålet med vernet ligg heile tida i botnen.

**Plangodkjenning.**

**Merknad tatt til følge:**

Innarbeidd behova til Tafjord Nettselskap AS i planen etter forskriftene.

Ålesund kommune som forvaltningsstyresmakt gjorde endeleg godkjenningsvedtak i Komite for byutvikling og miljø den 31. mai 2010 i sak 25/10.